

MØTEBOK

* MELAND	* MØTEDATO	* SAK NR.	* TIL STADES	* ARKIV NR.
* FORMANNSKAP	* 17.11.90	* 191/90	* 4 av 7	* 304.
* MELAND	* 19.12.90	* 145/90	* 26 av 27	* 304.
* KOMMUNESTYRE	*	*	*	*

Omgjering av stiftelsen
Meland Arbeidssenter til
aksjeselskap.

Vedlegg nr. 144/90.

Utsett F-sak nr. 172/90.

Ordførar Harry Wiig Andersen, Per Sæthre og Erik Henanger tok ikkje del i handsaminga grunna ugildskap.
Varaordførar Johan A. Andersen leda møtet.

Det kom slikt framlegg frå Arne I. Sakstad:

"Kommunestyret har ingen merknad til at stiftelsen Meland Arbeidssenter med verknad frå 01.01.91 vert omskipa til aksjeselskap.
Det kommunale aksjekjøpet vert å ta stode til på eit seinare møte."

Frå Johan A. Andersen kom det slikt framlegg:

"Formannskapet finn ikkje å kunne godkjenne at Meland Arbeidssenter vert omskipa til aksjeselskap."

Det vart først røysta over framlegget frå Arne I. Sakstad, som fekk slikt resultat:

- 2 røyster for (Arne I. Sakstad, Klara Mongstad).
- 2 røyster imot (Johan A. Andersen, Solbjørg Åmdal Sandvik).

Det vart deretter røysta over framlegget frå Johan A. Andersen, som fekk slikt resultat:

- 2 røyster for (Johan A. Andersen, Solbjørg Åmdal Sandvik).
- 2 røyster imot (Arne I. Sakstad, Klara Mongstad).

forts. sak nr. 145

Då stemmetal står likt, vil varaordførar si røystegjeving få avgjerande vekt.

Formannskapet har såleis gjort slikt vedtak i saka:

"Formannskapet finn ikkje å kunne godkjenne at Meland Arbeidssenter vert omskipa til aksjeselskap."

Arne I. Sakstad anka i møtet saka inn for kommunestyret.

Kommunestyret si handsaming:

Harry Wiig Andersen, Per Sæthre og Ingvald Bastesen tok ikkje del i handsaminga på grunn av ugildskap.

Steinar Knudsen og Kaspar Hjertås tok del i handsaminga.

Avrøysting:

Formannskapet si mindretalstilråding fekk 20 røyster for og 6 røyster imot.

Etter dette er det gjort slikt vedtak:

"Kommunestyret har ingen merknad til at stiftelsen Meland Arbeidssenter med verknad frå 01.01.91 vert omskipa til aksjeselskap. Det kommunale aksjekjøpet vert å ta stode til på eit seinare møte."

Retts utskrift.

Frekhaug, den 27.12.1990.

Berit Ohnstad

avd.leiar

Sendt: Meland Arbeidssenter,
Helse- og sosialstyret,
Økonomikontor,
Revisjonssjef.